

BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE



Opningstider i juli og august:

Valle kommunehus og sentralbord:

Frå veke 28 t.o.m. veke 31 frå kl. 10 - 14.

Samdrift på biblioteket veke 30 frå kl. 11 - 15.

Alle henvendelsar skal dit den veka.

Valle legekantor:

Stengt t.o.m veke 32.

Legekantoret i Bykle er ope.

Valle tannklinikk:

Stengt f.o.m veke 29 t.o.m veke 32.



TEKNISK INFORMERER

Visste du at du sjølv kan registrere opplysningar om bustaden/fritidsbustaden din i eigedomsregisteret?

Alle eigarar og festarar av bustader eller fritidsbustader i Noreg kan sjølv registrere opplysningar i matrikkelen hos Kartverket.

Matrikkelen er det nasjonale registeret over norske eigedomar og her finn du informasjon om grenser, bygningar, adresser og eigarforhold.

I veke 33 vert det sendt ut informasjon frå Kartverket om eigenregistreringa til eigarar og festarar av bustader eller fritidsbustader via digital postkasse eller sms.

Kvifor er dette viktig?

Opplysningar frå matrikkelen blir dagleg brukt av privatpersonar, næringsliv og offentlege styresmakter. Kommunen registrerer opplysningar i matrikkelen som ein del av arbeidet sitt. Fordi rutineane har variert over tid, kan enkelte data mangle eller vera utdatert.

Som eigar eller festar kan du hjelpe til med å sikre at opplysningane om eigedomen din er rette.

Sjekk at opplysningane i Eigedomsregisteret stemmer med dei faktiske forholda og med løyve som er gjevne. Korrekte opplysningar kan gje deg rettare vilkår ved lån, forsikring, skattar og avgifter.

Når registeret er oppdatert, får også naudetatar, kommunen og andre offentlege og private aktørar eit betre grunnlag for planlegging og avgjersler. Det kjem både deg og lokalsamfunnet til gode.

Kva kan du registrere?

Du kan registrera byggjeår, vatn, avløp, energi, oppvarming og bruksareal. Opplysningane kan du finna i salsoppgåver, vedtak frå kommunen og takstrapportar, eller du kan bruka kjennskapet din til bustaden.

Eigenregistreringa er frivillig og går føre seg via ei sikker sjølvbetjeningsløyving utvikla av Kartverket. Du vil ikkje bli beden om å lasta ned dokumentasjon.

1. Gå til Eigedomsregistrering hos Kartverket: <https://mineiendom.kartverket.no/egenregistrering/info>
2. Logg deg inn med ID-porten og sjekk opplysningane som er registrerte frå før
3. Registrer det du meiner er rett
4. Oppdater tidlegare registrerte opplysningar om noko har endra seg



Opplysningane som vert registrerte erstattar ikkje det som allereie ligg inne frå før. Dei blir viste parallelt, saman med eksisterande opplysningar og kan brukast av offentlege og private verksemdar. Å registrere opplysningar om eigen bustad/fritidsbustad erstattar ikkje søknad- eller meldepliktige endringar etter plan- og bygningslova.

Kven kontaktar du ved spørsmål?

Om du har spørsmål om innlogging eller praktisk gjennomføring, kan du kontakte Kartverket: <https://www.kartverket.no/om-kartverket/kontakt-oss> Oppdagar du feil eller manglar i offentleg registrerte opplysningar om eigedommen din, må du kontakta kommunen for å få det retta.

For meir informasjon, sjå <https://mineiendom.kartverket.no/kom-i-gang>.



Faråne i Hylestad stengt for bading til 10. juli

På grunn av vedlikeholdsarbeid på dammen i Faråne i Hylestad blir alle badeplassar langs elva stengt fram til 10. juli.

Bakgrunnen for at ein må i gang med arbeida nettopp no, på den varmaste tida, er at det er då det er minst tilsig av vatn. Langs Faråne er det fleire populære badeplassar.

Sidan lukene blir opna i samband med arbeidet kan det oppstå høg vassføring utan varsel.

Tilgangen til badeplassane blir stengd i perioden, og det blir sett opp varselskilt. Arbeidet som skal gjerast omfattar å forsterke betongdammen med eit ekstra lag betong, legge ny steinplastring og oppgradere luker og teknisk utstyr.

– Tryggleik har alltid høgaste prioritet i Å Energi Vannkraft. Vassstanden blir mellombels senka for å få gjort arbeidet. Det gir mykje større vassføring i Faråni, og området nedanfor dammen blir stengt av omsyn til tryggleiken, heiter det i ei pressemelding frå selskapet



Mange fekk med seg den lokale eigenberedskapsveka

Kvart år arrangerer Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) ei nasjonal eigenberedskapsveke. Valle og Bykle har i tillegg ei årleg lokal veke i juni, og årets satsing fekk god respons. Målet er å auke medvit om beredskap, særleg eigenberedskap. – Jo fleire som klarer seg sjølv i starten av ei krise, jo betre kan me hjelpe dei som treng det mest, seier kommunedirektør Vidar H. Homme.

Gjennom veka vart det delt informasjon via heimeside, Friskus og Facebook om mellom anna eigenberedskapslager, DSB og Totalforsvarsåret 2026.

Eit nytt tiltak er etablering av eit beredskapsråd som skal styrke samarbeid og samordning mellom kommunane og andre aktørar. Rådet skal vere rådgjevande og møtast jamleg.

I år vart det også lansert ei eigenberedskaps-T-skjorte. Innbyggjarar som har alt på stell heime kan registrere seg i Valle kommune og få ei slik skjorte. Me har framleis nokre att.

Fekk du ikkje med deg alt, finn du artiklane på kommunen si heimeside:

1. No er det lokal eigenberedskapsveke
2. Valle og Bykle med eigenberedskaps-T-skjorte
3. Valle og Bykle opprettar beredskapsråd
4. 2026 er Totalforsvarsåret
5. DSB med informasjon og materiell om eigenberedskap
6. Har du skaffa deg ein beredskapsven?



Frist for å sende inn stoff til neste Bygdenytt er 20. august!

PROGRAM FOR ONSDAGSKAFEEN - VALLE BYGDEHEIM

Program for Onsdagskafeen i august

Onsdag 19.08 kl. 10.30 Onsdagskafeen startar opp att etter sommaren
Onsdag 26.08 kl. 08.15 Tur til Sjølingstad uldvarefabrikk - Sjå under

Onsdagskafeen tek turen til Sjølingstad uldvarefabrikk onsdag 26. august!

Avreise frå Esso Valle kl. 08.15 med ankomst i Mandal ca. 11.30.
Liten matbit og kaffi før omvisning på museet.
Turen går vidare til Kastellet restaurant for middag.

Påmelding til turen innan onsdag 19. august til
Bøggi på telefon 957 08 242.

Pris for tur og middag: 800kr.



BYKLE OG VALLE KUNSTLAG - HOVDEN KUNSTHANDEL

Olav Bjørgum: Når bileta vaknar - Animert kunstinstallasjon

Torsdag til laurdag frå kl. 11.00 - 16.00 på Hovden kunsthandel
Utstillinga blir ståande til 8. august.



Gjenklang - Utstilling

Torsdag til laurdag frå kl. 11.00 - 16.00 på Hovden kunsthandel.
Variert utstilling med maleri, keramikk, trearbeid
og glas laga av våre medlemmer.



Du og naturen - ven eller utbyttar? Vern eller utbyggjar? Fredag 14.08 kl. 18.00 Hylestad soknehus



Naturvernforbundet
Setesdal

Naturvernforbundet har fått ny fylkesleiar, Ragnhild Nilsen. Ho kjem på besøk til oss og vil halde dette inspirerande foredraget. Ragnhild er klimapsykolog og har gjort veldig mykje spennande. I over førti år har ho jobba ulike stader i verda med å bygge business og bistand, økologi og økonomi hand i hand. Mellom anna har ho vore medinvestor og grunnleggjar av Heliopolis Universitetet i Kairo og laga økologiske handkle av norsk tang og egyptisk bomull. Ho er også musikal og forfattar av 16 bøker. Etter foredraget blir det "bålsamtale" med nokre personar som fortel om sine erfaringar.

Velkomen til eit ope møte med enkel servering.

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON - KURSPLAN

Kursplan hausten 2026

Medlem i Valle- og Hylestad bygdekvinneleg, Bondelaget eller Skogeigarlaget betalar 40 kr per kurstime medan ikkje-medlem betalar 70 kr per kurstime. For å betale medlemspris må ein personleg vere innmeldt i eit av desse laga innan kursstart.

For alle kursa gjeld det at deltakarane må ha fylt 14 år i løpet av 2026.



Kurs:	Innhald:	Lærer:	Tidspunkt og stad:	Pris og påmelding:
Veve tycleband og belte 55 timar	Veve tycleband og belte til bunad	Birgit Haugaa Nordibø	Oppstart måndag 7.sept. Kl.17-21 Måndagar frå kl.17-21. Venemold eller soknehuset	Kr.2000/3850 + materiell Maks 6 stk. Påmelding til Kristine Jore Innan 8.august
«UFO-kurs» 9 timar	Har du uferdige «objekt» liggjande? Sokkeband, sauma jure, hekla mufletisa, hedeblonde eller veving? Har du vore på kurs tidlegare eller prøva sjølv og det har stoppa opp? Då kan du no få hjelp til å verte ferdig med «ufoen» din.	Karin Bøe	Oppstart torsdag 15.okt. 29.okt. 5.nov. Kl.18-21. Venemold	Kr.360/630 Maks 8 stk. Påmelding til Kristine Jore Innan 14.sept.
Bakekurs 10 timar	Bake Hylestadlefse og braud. Laurdag lefser. Sundag kan ein velje sjølv kva ein vil bake. Til dømes eplekaker eller hardangerlefser.	Anna Rysstad og Inger Liv Rysstad	Laurdag og søndag ei helg i oktober. Dato kjem seinare Kl.10-15 I bakekjellaren på Valle skule	Kr.400/600 + tilfang Maks 8 stk. Påmelding til Ingunn A. Bratteland
Thaimat 12 timar.	No kan du lære å lage enkle og gode thailandske Matrettar 2 rettar pr. kveld	Tanja Thame	Oppstart onsdag 2.sept. Kl.18-21 Skulekjøkkenet på Valle skule	Kr.480/840 + tilfang Maks 8 stk. Påmelding til Hilde Kiland-Bjåen innan 20.august
Kompekurs 4 timar	No kan du endeleg lære deg å lage komper.	«Bøggy» Bjørg Straume	Meir info om tid og stad kjem til hausten	Kr.160/280 + tilfang Påmelding til Kristin Nomeland

Kontaktpersonar til kursa:

Kristin Nomeland: tlf. 99538807, e-post: nomelandkristin@gmail.com

Hilde Kiland-Bjåen: tlf.99631207, e-post: hilkil@gmail.com

Ingunn Anette Bratteland: tlf.997 14073, e-post: ingunn73@hotmail.com

Kristine Jore: tlf. 482 03216, e-post: kristinejore66@gmail.com

- Kursa må ha minimum 5 påmelde for at dei vert sett i gong.
- Kursa skal betalast på vipps til kontaktpersonen fyrste kurskvelden
- Lengre kurs som går over to semester skal betalast i to omgonger. Halve kurset på hausten og halve på våren.
- Følg oss på Facebook :»Studieforbundet kultur og tradisjon Valle«

BYGDEKINO I VALLE KULTURSENTER

Måndag 31.08 kl. 17.00 Film kjem
kl. 19.00 Film kjem



SETESDALSMUSEET

Velkommen til opning av Tveitetunet.

Laurdag 11.07 kl. 12.00

Setesdalsmuseet



Velkommen til slåttedag på Tveitetunet.

Laurdag 18.07 kl. 11.00

Frå 23. juni til 9. august er alle tuna våre opne kvar dag frå kl. 10.00 - 16.00.

BISPEVEGMARSJEN

Laurdag 08.08 Bispeveg marsjen

Busstransport frå Valle skule kl. 06.30.

Buss kr. 300.

Startkontingent kr. 100.



Bispeveg marsjen er ein turmarsj som går frå Fyresdal til Valle. Turen er ca. 21 km med ei stigning på ca. 745 høgdemeter. Turen startar ved Nøs før Øysædammen i Fyresdal med mål ved klubbhuset til Valle IL ved fotballbanen. Marsjen går over eit flott heieområde med variasjonar frå frodige skogslier og myrområde til høgfjellsområde.

Turen er fin for både barn og vaksne, men yngste anbefalte alder er 10 år. Ein må vere i mål innan kl. 18.00. Ha med niste og drikke då det ikkje er matstasjon undervegs. Det vert enkelt matsal i målområdet.

Påmelding skjer via EQ Timing: <https://live.eqtiming.com>. Her søker du opp Bispeveg marsjen og registrerer deg.

FINE TREKKPREMIAR TIL DEI SOM GÅR MARSJEN

Arrangør: Valle IL og Fyresdal IL som ynskjer deg velkomen til ein flott dag over fjellet.

SETESDALSTREFFET

Laurdag 18.07 kl. 11.00

Veteran- /Entusiastkøretøytreff på Rysstad

500 meter sør for Sølv garden hotell.

For info:

Jan Olaf: 906 15 526 / Kurt: 476 83 605





VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Onsdag	01.07	19.00	Orgelsommar	Valle kyrkje
Sundag	12.07	11.00	Gudsteneste	Hylestad kyrkje
Onsdag	15.07	19.00	Orgelsommar	Valle kyrkje
Sundag	09.08	12.00	Friluftsgudsteneste	Tveitetunet
Onsdag	18.08	11.00	Andakt	Valle bygdeheim
Sundag	23.08	11.00	Gudsteneste	Valle kyrkje

Kyrjekontoret tlf: 474 82 359
Kyrkjeskyss: 911 48 355



e-post: post@valle.kyrkja.no

DIAKONISAMARBEIDET I ØVRE OTREDAL - TEMAKVELD

Å SJÅ / OG BLI SETT!

Foredrag med Bjarne Nordhagen frå Vennesla. Diakon Åse Gudrun Thortveit leier kvelden.

Fredag 28.08 kl. 17.00 Vonheim på Bygland

Vi et setesdalssuppe først, kaffi og kaker seinare.

Anne Synnøve, Ina Kjöstvedt og Ingunn Nordmo Sagland, kyrkjevergene i Øvre-Otredal blir presenterte.

Dei skal ha kvar sitt korte innlegg om kveldens tema.

Det blir song og musikk før avslutning med Svein Kleivane.



MOBILT PASSKONTOR I VALLE

Mobilt passkontor vil vere i Valle på desse datoane til hausten:

16. November kl. 12.30 - 15.15
17. November kl. 08.15 - 15.30



Adresse: Valle og Bykle politistasjon, Kjellebergsvegen 12, 4747 Valle



Har du flytta postkassa di?

Gje oss beskjed på telefon 379 37 500 eller
sentralbord@valle.kommune.no, slik at postmannen får levert Bygdenytt til alle.

Tysdag kl. 18 Sending

Onsdag kl. 19 Sending

Vi sender også kommunestyremøta og styremøta i Setesdal Regionråd med reprise!

Ta gjerne kontakt dersom du har tips om noko vi kan ta med «på lufta».

Bruk lokalradioen!

Epost: post@valleradio.com

Facebook: Valle Radio

Heimeside: www.valleradio.com



VALLE RADIO

KVA SKJER I VALLE

Med atterhald om endringar

DATO	STAD	TID	KVA SKJER
01.07.	Valle Kyrkje	19.00	Orgelsommar
11.07.	Tveitetunet	12.00	Opning av Tveitetunet
12.07.	Hylestad kyrkje	11.00	Gudsteneste
15.07.	Valle kyrkje	19.00	Orgelsommar
18.07.	Tveitetunet	11.00	Slåttedag
18.07.	Rysstad ved Sølv garden hotell	11.00	Setesdalstreffet
08.08.	Avreise ved Valle skule	06.30	Bispeveg marsjen
09.08.	Tveitetunet	12.00	Friluftsgudsteneste
18.08.	Valle bygdeheim	10.30	Onsdagskafe med andakt
23.08.	Valle kyrkje	11.00	Gudsteneste
26.08.	Avreise ved Esso	08.15	Tur til Sjølingstad uld v arefabrikk
28.08.	Vonheim på Bygland	17.00	Foredrag: Å sjå / og bli sett
31.08.	Valle kultursenter	17/19	Bygdekinoen